Omfattar attraktive strandsoner for friluftsliv, båtliv og kulturlandskap. Byggetiltak innanfor sona skal dokumentere særleg omsyn til allment friluftsliv i strandsona og på sjø.

Område med særleg hensyn til naturverdiar (§11-8 pkt. c)

Våtmarkspområde kring Tuvatnet. Tilrettelegging for friluftsliv skal gjerast på ein skånsom måte som ikkje reduserer naturkvalitetane i området.

Verneområder (§ 11-8 pkt. d)

Område verna etter naturvernlova:

Rømerhornheiane naturreservat – verna i 1996

Storeide naturreservat – verna i 1996

Gjevenesstranda naturreservat – verna i 2003

Reguleringsmagasin (§ 11-8 pkt. d)

Årsetvatnet og Storevatnet er reguleringsmagasin bandlagt etter vassressurslova, og avmerka som omsynssoner i plankartet. Nysætervatnet blir handtert i eigen reguleringsplan for Nysætervatnet og områda ikring.

Stølsområde med krav om felles planlegging (§ 11-8 pkt. e)

For å ta vare på stølar som særmerkte landskaps- og kulturhistoriske element, vert det sett krav om felles reguleringsplan for stølsområda før nye byggetiltak kan settast i verk.

Krav om felles plan for stølsområda er sett for å sikre ei heilskapleg utvikling av stølane.

Område kor gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde (§ 11-8 pkt. f)

Oversikt over kva planar som framleis skal gjelde og kva planar som skal opphevast går fram av vedlegg 1.

Reguleringsplanar som framleis skal gjelde er vist i plankartet som omsynssone.

7. DISPENSASJONAR

Kommunen kan jfr. pbl §19-2, gi varig eller mellombels dispensasjon frå planen, men berre dersom omsynet til formåla i plan og føresegner ikkje vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved dispensasjon vere klart større enn ulempene, og det skal leggjast særleg vekt på helse, miljø, tryggleik, tilgjenge og på statlege og regionale rammer og mål..

Kommunen sitt høve til å gi dispensasjon er avgrensa. Dispensasjon krev grunngjeven søknad og det må liggje føre ei klar overvekt av omsyn som talar for dispensasjon. Planen representerer ein gjennomtenkt heilskap, og det skal difor ikkje vere kurant å få dispensasjon.

Før eventuell dispensasjon vert gitt, skal kommunen hente inn fråsegn frå regionale og statlege styresmakter som har interesse i området.

8. Vedlegg 1 Oversikt over status for eldre reguleringsplanar

REGULERINGSPLANAR SOM GJELD FØRE KOMMUNEPLANEN:

PlanID	PLAN	STADFESTA
1987005	Søvik øvre	13.09.84
1976002	Klokkstranda	07.09.76
1999004	Øggardsvika	31.05.99
2005001	Langeneset, hytteplan	26.05.05
1995006	Massetak Riksheim, Erstad	26.06.95
1997006	Massetak/steinbrot, Erstad	26.05.97
1982003	Tregardane	19.07.82
1995005	Tregardane, reg.endring	26.06.95
1976004	Hjortdal	15.10.76
2002009	Skytebane Myrdalen/Klipe	16.12.02
1996002	Naustplan Erstad	25.03.96
1997002	Naustplan Riksheim	08.04.97
1984002	Tuskogen	29.02.84
2003001	Golfbane Kolda	17.03.03
2002007	Blakstad	21.10.02
1989007	Tuskogen (tillegg)	23.06.89
2000002	Gang- og sykkelveg Tusvik	07.02.00
2001006	Bustadområde Svartebekk	23.04.01
1987001	Kursethagen, reg.endring	03.03.87
1987002	Kursethagen, reg.endring	01.06.87
1988003	Masseuttak (Jenny Nilsen)	03.10.88
2002005	Masseuttak Huna	09.09.02
1990002	Formfin	02.07.90
1994001	Gang- og sykkelveg, Hundeidvik	21.03.94
1998003	Bygn.plan Ole Myrseth (utviding av 1987001)	25.05.1998
1998008	Bygn.plan Kåre Ødegård	14.09.98
2002001	Myren/Stormyra	18.03.02

REGULERINGSPLANAR SOM VERT OPPHEVA


Riksheim I	15.01.82
------------	----------




Rev. Nr.	Beskrivelse	Dato	Sign.	Kont.	Godk.	<p>Tegning</p> <p>Fasade sør</p> <p>Miljøhytta 100</p> <p>Adresse 0000 Sted</p>				
						Prosjekt nr. #	Dato opprettet rev. 08.09.21	Gnr./Bnr. #	Mål: 1:90	Tegningsnr. 110
						Fase #	Sign.	Kontroll	Godkjent	Rev. ID



Tegning		Projektnr.	Dato opprettet	Gnr./Bnr.	Mål:	Tegningsnr.
Fasade nord		#	rev. 08.09.21	#	1:90	112
Miljøhytta 100		Fase.	Sign.	Kontroll	Godkjent	Rev. ID
Adresse 0000 Sted		#				
Rev	Nr	Beskrivelse	Dato	Sign	Kont	Godkj



Rev	Nr	Beskrivelse	Dato	Sign	Kont	Godk	Tegning Fasade vest Miljøhytta 100 Adresse 0000 Sted		#	Dato opprettet	Gnr./Bnr	Mål	Tegningsnr.
									#	rev. 08.09.21	#	1:75	111
									Fase:	Sign.	Kontroll	Godkjent	Rev. ID
									#				




Modell 100 - Hovedplan
M 1:75- 08.09.21

Miljøhytta 100
BRA 95,0 m² + sportsbod-
VR 6,2 M²
BYA 126 m²

Rev	Nr	Beskrivelse	Dato	Sign	Kontr	Godkj	Prosjekthr. #	Fase. #	Dato opprettet	Gnr./Bnr. #	Mål: 1:100	Tegningsnr. 101
									rev. 08.09.21		Godkjent	Rev. ID

Tegning
Hovedplan
Miljøhytta 100
Adresse 0000 Sted



Modell 100 - Plan kjeller
M 1:75- 08.09.21

BRA 66 m² +
bod 8,8 m²

Rev. Nr	Beaktrelse	Dato	Sign	Kontr	Godkj	Tegning	Prosjektr.	Dato opprettet	Gnr./Bnr.	Mål	Tegningsnr.
						Plan Kjeller	#	rev. 08.09.21	#	1:100	100
						Miljøhytta 100	Fase.	Sign.	Kontroll	Godkjent	Rev. ID
						Adresse 0000 Sted	#				



Viktor Byggtjenester As
Kyrkjevegen 108
6230 SYKKYLVEN

Dykkar ref.:

Vår ref.:

19/1086 - 35 / KNURON

Dato:

29.04.2025

164/25

Delegert sak

30/12 - Mellombels bruksløyve

Bakgrunn for saka

Det er søkt om mellombels bruksløyve for bustadhus på gnr/bnr 30/12.

Saksopplysningar

Søknaden vart motteken av kommunen den 28. april 2024.

Omtale av tiltaket

Det er ført opp ein einbustad to plan med carport på gnr/bnr 30/12 i Sykkylven kommune. Bygd areal (BYA) er 126,0m², mens bruksarealet (BRA) er 176,0m².

Aktørar i tiltaket

Tiltakshavar: Viktor Narvois

Ansvarleg søker: Viktor Byggtjenester AS

Løyver gitt i saka

Det vart gitt dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesveg 60 den 5. desember 2019.

Det vart gitt løyve til tiltaket den 27. januar 2020 i delegert sak 42/20.

Det vart gitt løyve til endring den 11. mars 2022 i delegert sak 01/22.

Utsleppsløyve vart gitt den 6. august 2020 i delegert sak 457/20.

Del av tiltaket det søkast mellombels bruksløyve for

Heile tiltaket

Attståande arbeid i tiltaket

Attståande arbeid av mindre vesentleg betyding, innanfor den delen av tiltaket det søkast mellombels bruksløyve for:

Uavhengig kontroll lufttettleik.



Resterande deler av tiltaket det ikkje søkast om mellombels bruksløyve for:
Ingen

Vurdering

Rettsleg grunnlag for vurderinga

Kommunen kan gi mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova § 21-10 tredje ledd.

Når det gjenstår mindre vesentleg arbeid og kommunen finner det ubetenkelig, kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller delar av tiltaket. I mellombels bruksløyve skal det framgå kva for arbeid som står att og ein frist for ferdigstilling. Kommunen kan krevje at det stillast sikkerheit for at attståande arbeid blir retta. Dersom attståande arbeid ikkje blir utført innan fristen, skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling, som kan gjennomførast ved sanksjonar etter kapittel 32 i plan- og bygningslova.

Vurdering av søknaden

Det er vist til at det står att arbeid av mindre vesentleg betydning innanfor den del av tiltaket ein søker om mellombels bruksløyve for. Dette opnar opp for at mellombels bruksløyve kan bli gitt.

Ansvarleg søker har i gjennomføringsplanen dokumentert at alle samsvarserklæringar i byggesaka er mottekne og signert.

Ved kontroll av lufttettleik er det funne avvik og bygget tilfredsstiller ikkje krava. Bygget er ein lafta konstruksjon og bygget har ikkje satt seg enda. Ny måling vil bli utført når tømmerveggane har satt seg.

Kommunen meiner at det ligg føre tilstrekkeleg sluttdokumentasjon til å akseptere mellombels bruksløyve.

Vedtak

Mellombels bruksløyve blir, med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 tredje ledd, gitt for heile tiltaket.

Det må søkjast om ferdigattest når attståande arbeid er utført.
Frist til fullføring av arbeidet blir sett til 29. april 2027.

Dersom attståande arbeid ikkje blir gjennomført innan fastsett frist, skal kommunen gi pålegg om ferdigstilling. Dette kan gjennomførast ved sanksjonar etter kapittel 32 i plan- og bygningslova.

Generelt vilkår

Før søksmål om gyldigheita av dette vedtaket kan reisast for domstolane, er det eit vilkår at part til vedtaket har nytta seg av klageretten og at klaga er avgjort av Statsforvaltaren. Det same gjeld ved søksmål mot kommunen med krav om erstatning som følgje av vedtaket. Søksmål kan likevel i alle tilfelle reisast om det er gått 6 månader frå klage først var sett fram, og det ikkje skuldast forsøming hos klagaren som gjer at avgjersle frå klageinstans enda ikkje ligg føre, jf. forvaltningslova § 27b.



Med helsing

Kristian Trandal
teknisk sjef

Knut Erik Rønning
fagansvarleg byggesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

Bonesmo Bygg Consult

Åsvegen

6230

SYKKYLVEN



Informasjon om klagerett

Rett til å klage

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på av part eller ein med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28 første ledd. Den som ikkje er part bør ved ei klage grunngi kvifor denne har rettsleg klageinteresse.

Klaga må vere skriftleg, og signerast av klagaren eller klagarens fullmektig. Den må nemne det vedtaket som det blir klaga på og kva for endringar ein ønsker. Klaga bør også innehalde ei grunngiving, jf. forvaltningslova § 32.

Klagefrist

Ei klage må vere sett fram innan 3 – tre – veker frå vedtaket er motteke, jf. forvaltningslova § 29 første ledd. Det held at klaga er postlagt før fristen er ute eller at den er komen fram til kommunens e-postadresse før klagefristen går ut, jf. forvaltningslova § 30 og eforvaltningsforskrifta § 11.

Om klaga blir sendt etter klagefristen på 3 – tre – veker, kan kommunen i medhald av forvaltningslova § 31 behandle klaga dersom: Parten eller hans fullmektig ikkje kan lastast for ikkje å ha sendt klaga innan fristen, eller det av særlege grunnar er rimeleg at klaga blir behandla. Vi gjer deg merksam på at dette ikkje gjeld dersom det har gått meir enn eitt år sidan vedtaket vart fatta.

Kven kan det klagast til

Klageinstans for dette vedtaket er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Ei klage skal stilast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, men sendast til Sykkylven kommune, Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven eller postmottak@sykkylven.kommune.no.

Rett til å krevje grunngiving

Ein part som meiner at vedtaket manglar grunngiving, kan innan 3 – tre – veker, rekna frå den dagen ein har motteke det, krevje at nærare grunngiving for vedtaket blir gitt, jf. Forvaltningslova § 24. Får kommunen slikt krav, vil klagefristen i vedtaket opphøyre og ny

frist ta til å gjelde når grunngivinga er motteken av parten.

Rett til innsyn

Part til dette vedtaket har rett til å gjere seg kjend med saksdokumenta, så lenge anna ikkje følgjer av forvaltningslova §§ 18 til 19, jf. forvaltningslova § 18 første ledd. Spørsmål om innsyn i saksdokument kan rettast til servicetorget i kommunen.

Kostnader ved klaga

Ein kan søke om å få dekt utgifter til nødvendig advokathjelp. Ta kontakt med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eller advokat for meir informasjon. Om du får medhald på klaga di, kan du ved høve få dekt vesentlege kostnader som har vore nødvendig for å endre vedtaket til din fordel, jf. forvaltningslova § 36.

Utsett iverksetting av vedtaket

Kommunen, ein klageinstans eller eit anna overordna organ kan avgjere å utsette iverksettinga til klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Ei oppmodning om å utsette iverksettinga skal avgjerast så snart som mogleg. Dersom ei slik avgjerd er teken, får vedtaket først rettsverknad når klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Det same gjeld dersom ein part eller ein med rettsleg klageinteresse tek ut søksmål for å få vedtaket prøvd ved domstol, eller sak er brakt inn for Sivilombodsmannen for forvaltninga.

Avslag på oppmodning skal grunngivast, og grunngivinga skal bli gitt samstundes med avslaget. Det er ikkje høve til å klage på ei avgjerd som gjeld utsett iverksetting.

Grunngivinga for å ha ein regel om utsett iverksetting er rettstryggleiken. For klagaren er det avgjerande at vedtaket ikkje blir gjennomført før det er avgjort om klaga fører fram. Dersom vedtaket vart gjennomført, kunne ein risikere at det blir umogleg å få medhald i klaga eller i alle fall at det blir vanskeleg og kostbart å følgje opp

Om bestillingen

Ordrenr	Dato	Referanse
00134878	14.01.2026	21260012

Ident

1957/101475/58

Om dokumentet

Dokumentet er tilgjengelig og kan lastes ned i tre måneder fra datoen Altinn-meldingen ble mottatt.

Har du mottatt feil dokument?

Hvis du har mottatt et annet dokument enn det du har bestilt, ta kontakt med oss så vi får sendt deg riktig dokument.

Lurer du på hvorfor opplysninger i dokumentet er blitt sladdet?

Den som mottar et dokument hvor opplysninger er sladdet, kan innen 3 uker be om en nærmere begrunnelse for sladdingen, jf. offentlighetsloven § 31 andre ledd.

Dersom du ønsker å klage på at opplysninger er sladdet, kan dette påklages i henhold til offentlighetsloven § 32 innen 3 uker fra dokumentet er mottatt. Klagen sendes til Kartverket.

Er dokumentet feilaktig eller mangelfullt sladdet?

Før dokumenter sendes ut blir personnummer og taushetsbelagte opplysninger sladdet. Har du mottatt et dokument som er feilaktig eller mangelfullt sladdet ber vi deg ta kontakt med oss.

Kontakt

Ved andre henvendelser, kontakt Kartverket på

E-post post@kartverket.no	Telefon 32 11 80 00	Besøksadresse Kartverksveien 21, 3511 Hønefoss	Postadresse Postboks 600 Sentrum, 3507 Hønefoss
-------------------------------------	-------------------------------	-------------------------------------------------------------	--------------------------------------------------------------

Nr. 229 B
Alb. Gjørtz, ÅlesundAvskrift av dagbok nr. 1475 1957
Nordre Svanmere Sorenskriverembete

Skyldskifte.


Laur dag den 4/5 1957 heldt me underskrivne, som lensmannen
hev nemnt opp, skyldskifte på garden Drotninghaug
g.nr. 30 b.nr. II med skyld mark I,66 i Sykkylven
herad. Skyldskiftet er kravt av Bodvard H. Hole
som hev grunnboksheimel til den egedomen skyldskiftet gjeld¹⁾.
Menns-opptnemningsbrevet fylgjer. Alle mennene hev gjeve skynsmannslovnad, så nær som²⁾

Ved tenesta møte³⁾ Bodvard H. Hole, Peder Frøysa som er eigar av br.
nr. 2, og Olav H. Hole og Kasbar Lade som saman med dei ovanfor
nemnde er eigarar av utmarka so parsellen grensar til i nord.
Mennene valde til formann Johan Hjorthol

De n fråskilde lut av garden hev desse
grensone:⁴⁾

Mot sud grensar jordstykket til riksvegen. Grenselina er
her 35 m. lang. Mot vest går 7 m. av grenselina i ein halv-
sirkel langs tunvegen til Bodvard H. Hole. Resten av grenslina,
54 m. går i rett line til utmarksgarden. Den rette grenselina
er oppmerka med tre bytesteinar. Lengda mellom steinane er
27 m. Mot nord er grenselina steingarden for utmarka til
Drotninghaug. Denne grensa er 39 m. Mot aust er grenselina
43 m. og er bytet mot br. nr. 2.

- ¹⁾ Skyldskifte kan ikkje godtakast til tinglysing utan den som krev tenesta anten hev grunnboksheimel eller hev dom for at han eig den luten av egedomen som han vil ha fråskilt (§ 1 i skylddelingslovi).
²⁾ Hev nokon av mennene ikkje gjeve slik lovnad som er nemnd i § 20 i lov nr. 1 fra 1/6 1917, skal han skriva under ei utsegn med etternemnde ordlyd for tenesta vert haldi, og utsegna skal sendast til sorenskriveren saman med skyldskiftet: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera mi teneste som skynsmann samvitsfullt og etter beste overtyding. den 19 N. N.»
³⁾ Dersom nokon av grannane eller av dei partane skyldskiftet vedkjem, ikkje møter, må ein her opplysa om det er prova at dei hev fenge varsel, eller når det gjeld grannane, om det er rekna for uturvande å varsle dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslovi).
⁴⁾ Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslovi. Grensone mot granne-eigedomar skal ein ikkje skriva opp, dersom eigaren ikkje er til stades og samtykkjer i det som vert skriva. Skal mennene etter krav frå partane fastsetja sjølv markeskielt, samstundes med at dei sett i skyld (§ 7 i lovi), må dei her nemna det som trengst om det og. Det må ikkje stiftast bruksrett eller servitut i skyldskiftet utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimelen til den egedomen heftet skal liggja på (§ 5 i lovi).



1. Er det jordbruk og skog i den eigedomen som vert bytt? Nei

2. Fær kvart jordbruk, som kjem fram etter skiftet, så mykje skog som trengst til hus-berging og gards-tarv? Nei

3. Er det jordbruk med fjellvidd — med det er og meint fjellvatn, elvar og bekkjer — med i den eigedomen som vert bytt? Nei

4. Fær kvart jordbruk, som kjem fram etter skiftet, så mykje fjellvidd som trengst for bruket? Nei

Vert det svara ja på spursmål 1 og nei på spursmål 2, eller ja på spursmål 3 og nei på spursmål 4, så lyt ein dessutan svara på dei spursmåli som no kjem:

5. Hev heradsstyret samtykt i skyldskiftet? Nei.

6. Eller held skyldskiftemennene det for greidt at den fråskylde luten er etla til å dyrkast eller til byggetuft, veg, industriverk eller til andre dilike føremål? Byggetuft.

7. Eller vert eigedomen bytt etter § 14 i lov om odels- og åsætetsretten frå 26. juni 1821?

Me vitnar:

a) At det ikkje med skiitet er skapt noko nytt hopehav. Likevel hev me samtykt i at det kan vera hopehav i utmarki på den måten, at

.....
med di me hev funne vidare utbyting gagnlaus.¹⁾

b) At kvart bruk hev fenge so laglegt skap for verning og nytting som det er høve til.

Skyldi på de¹⁾ fråskilde lut vart sett til I øre

som ikkje skal trekkjast frå skylda på hovudbruket.

Attverande skyld på hovudbølet er I mark 66 øre.

Den fråskilde lut fekk bruksnavnet²⁾ Høgtun.

Kostnaden med å halda og tinglysa skyldskiftet ber:³⁾

Knut Lødemel.

¹⁾ Det som ikkje høver, stryk ein.

²⁾ Til bruksnamn må ikkje i noko tilfelle takast namn som alt vert nytta til slektsnamn, utan namnet høyrer til dei som er heller vanlege (sm. lov frå 1/3 1923 nr. 2, § 21).

³⁾ Dersom det ikkje er opplyst eller nokon part segjer, at det er gjort avtale om kven som skal bera kostnaden med skyldskiftet skal mennene her taka inn avgjerd om korleis partane skal byta kostnaden seg-imellom.

Partane fekk opplysning om at dersom dei er misnøgde med den skyldi som her er sett eller med det markeskil som er fastslege, kan dei anka skyldskiftet til overskjøn, men at anke-utsegn då lyt vera komi til sorenskrivaren innan tri månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Me sannar, at me hev gjort tenesta etter beste skyn og overtiding og etter den skynsmanns-lovnad me hev gjeve.

Me hev fastsett, at Johan Hjorthol
skal syta for å få flidd (sendt) skyldskiftet til sorenskrivaren til tinglysing.

Bodevard Høi.
Oskar Holm

Johan Hjorthol
Oskar Ladu

Godteke til tinglysing

19

Tinglyst på

De fråskilde lut hev fenge g.nr. b.nr.

For tinglysingi kr.

Om bestillingen

Ordrenr	Dato	Referanse
00134879	14.01.2026	21260012

Ident

2022/288575/200

Om dokumentet

Dokumentet er tilgjengelig og kan lastes ned i tre måneder fra datoen Altinn-meldingen ble mottatt.

Har du mottatt feil dokument?

Hvis du har mottatt et annet dokument enn det du har bestilt, ta kontakt med oss så vi får sendt deg riktig dokument.

Lurer du på hvorfor opplysninger i dokumentet er blitt sladdet?

Den som mottar et dokument hvor opplysninger er sladdet, kan innen 3 uker be om en nærmere begrunnelse for sladdingen, jf. offentlighetsloven § 31 andre ledd.

Dersom du ønsker å klage på at opplysninger er sladdet, kan dette påklages i henhold til offentlighetsloven § 32 innen 3 uker fra dokumentet er mottatt. Klagen sendes til Kartverket.

Er dokumentet feilaktig eller mangelfullt sladdet?

Før dokumenter sendes ut blir personnummer og taushetsbelagte opplysninger sladdet. Har du mottatt et dokument som er feilaktig eller mangelfullt sladdet ber vi deg ta kontakt med oss.

Kontakt

Ved andre henvendelser, kontakt Kartverket på

E-post post@kartverket.no	Telefon 32 11 80 00	Besøksadresse Kartverksveien 21, 3511 Hønefoss	Postadresse Postboks 600 Sentrum, 3507 Hønefoss
-------------------------------------	-------------------------------	-------------------------------------------------------------	--------------------------------------------------------------

Erklæring om rett i fast eiendom ¹

Innsendar sitt namn (rekvirent): VIKTOR NARVOIS		Plass for inkluderingstempel  Doknr: 288575 Tinglyst: 15.03.2022 STATENS KARTVERK
Adresse: KYRKJEVEGEN 108		
Postnummer: 6230	Poststad: SYKKYLVEN	
Fødselsnr./Org.nr. 280782 [REDACTED]	Ref.nr.	


1. Heimelshavar (til eiendomen som retten skal hefte på)	
Namn BJØRNDAR HJELLE HOLE FAUSKELIA 5 6230 SYKKYLVEN	Fødselsnr./org.nr. (11/9 siffer) 110378 [REDACTED]


2. Eiendom (der retten skal hefte)³					
Kommunenr.	Kommunenamn	Gnr.	Bnr.	Fnr.	Snr.
1528	SYKKYLVEN	30	11		

3. Rettshavar – fyll ut enten alternativ A eller B						
A	Rett for fast eiendom (reell servitutt)⁴					
	Kommunenr.	Kommunenamn	Gnr.	Bnr.	Fnr.	Snr.
	1528	SYKKYLVEN	30	11		
B	Rett for person (personleg servitutt/pengehefte)					
	Namn Fødselsnr./Org.nr. (11/9 siffer)					



2) BVR. 12 HHT VEDLAFTE DOK.

Dato 04.03.2022	Heimelshavar si underskrift ⁵ 
--------------------	---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

4. Skildring av kva retten går ut på⁶	
AVTALE OM VEGRETT OG VEDLIKEHALDSPLIKT AV TILKOMSTVEG FRÅ SYKKYLVSVEGEN OVER 30/11 TIL 30/12 SOM VEDLAGDE AVTALE OG KARTUTSNITT SYNER.	
Vedlegg: Kart/skisse som viser tenande eigedom og retten teikna inn	<input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
5. Andre avtaler (som ikkje skal tinglysast)⁷	
6. Underskrifter	
Stad og dato 04.03.2022	Heimshavar si underskrift ⁸ 

Notar:

- 1) Dette skjemaet kan brukast for tinglysing av rettar i fast eigedom, som til dømes vegrett, jaktrett, burett, forkjøpsrett og liknande. Kva rettar som kan tinglysast vert regulert av tinglysningslova § 12. Skjemaet må fyllast ut i to eksemplar og sendast til følgjande adresse: **Kartverket Tinglysing, Postboks 600 Sentrum, 3507 Hønefoss**. Det eine eksemplaret vert arkivert hjå Kartverket, medan det andre eksemplaret vert returnert til innsendar (rekvirent) påført tinglysningsattest.
- 2) Rekvirenten er den som sender inn dokumentet for tinglysing. Denne vil få det ferdig tinglyste dokumentet tilbake, og faktura for tinglysningsgebyret.
- 3) Eigedomer der retten ligg.
- 4) Retten vil følgje eigedomer uavhengig av kven som er eller vert eigar av denne, jf. avhendingslova § 3-4 andre ledd bokstav d.
- 5) Formålet med denne underskrifta er å sikre at heimshavaren har selt begge sider av dokumentet.
- 6) Retten må skildrast nøyaktig i tekstleg form, jf. tinglysningslova § 8, jf. forskrift om tinglysing § 4 (klarhet og form). Dersom retten er knytt til ein fysisk del av ein fast eigedom, kan han teiknast inn på kart eller skisse over eigedomer.
- 7) Det er ikkje nødvendig å fylla ut dette feltet.
- 8) Den som signerer må ha grunnboksheimel til eigedomer der retten ligg. Dersom det er fleire som har heimel til eigedomer, må alle skriva under, eller det må leggjast ved fullmakt frå den eller dei som ikkje underskriv

Avtale om vegrett og Kartutsnitt

Eigar av Gnr.30 / Bnr.12 i Sykkylven Kommune Viktor Narvois får vegrett/bruksrett til eksisterande veg, vidare vedlikehaldsplikt av denne over Gnr.30 / Bnr.11 som nedanforståande kartutsnitt syner.

Denne avtalen med kartutsnitt er utskrive i 2 eksemplar og underteikna av begge partar.

Sykkylven 01.03.2022


Bjørnar Høle

Bjørnar Hjellevole

Viktor Narvois

Viktor Narvois

Kartutsnitt



Sykkylvsvegen 2132

Offentlig transport

✈ Ålesund Lufthavn, Vigra	1 t 50 min
🚏 Drotninghaug Linje 110, 250	1 min 0.1 km
🚏 Fjellseterskiftet Linje 110, 250	11 min 0.9 km

Avstand til byer

Ålesund	1 t 40 min
---------	------------


Ladepunkt for el-bil

🚗 Brunstad Kraft AS	7 min
🚗 Kople Strandafjellet Skisenter	7 min

Vintersport

Langrenn

- Avstand til nærmeste løype: 1.6 km
- 23 km preparert løype innenfor 15 km



Alpin

- Sunnmørsalpane skiarena
- Kjøretid: 4 min
- Skitrek i anlegget: 5



Aktiviteter

Velleseterhytta	9 min
Ikorntnes Friluftsbad	19 min
Stranda Golfklubb	21 min

Sport

⚽ Velledalen grusbane Fotball	5 min 5.7 km
⚽ Dalemyra stadion Fotball	5 min 5.8 km
🏊 Stranda Treningscenter	13 min
🏊 Family Sports Club Sykkylven	16 min

Dagligvare

Nærbutikken Velledalen	5 min
Bunnpris Straumgjerde Post i butikk, PostNord	9 min 10.9 km

Varer/Tjenester

🏪 Vitusapotek Stranda	13 min
-----------------------	--------



Innholdet i nabolagsprofilen er hentet fra ulike datakilder, og feil eller mangler kan forekomme. Vurderinger og sitater er innhentet på web og gir uttrykk for hvordan naboene vurderer nabolaget. FINN.no AS kan ikke holdes ansvarlig for feil/mangler i profilen. Copyright © Finn.no AS 2026